

## Landbruksmidlar rekruttering og kompetanseheving 2015 – langsiktige prosjekt

Søkar	Tiltak	Tildeling i kroner
<b>Mo og Øyrane vg skule v/ Knut Vebjørnsen</b>	<u>Agronomutdanning for vaksne:</u> Starta i 2000, agronomutdanning over to år som let seg kombinere med full jobb. Opptakskrav: Vg1 naturbruk eller tilsvarande. Aldersgrense: 25 år. Vart tildelt 600 000 kr. i 2014.	600 000
	<u>Auka rekruttering til naturbrukutdanning i Sogn og Fjordane:</u> 3 årig rekrutteringsprosjekt starta i 2014. Har tidlegare fått tildelt kr. 310 000.- med føresetnad av at 50.000 kroner av tilsegna til nettbasert agronomutdanning for vaksne vart overført til rekrutteringsprosjektet. I praksis vart kr. 360 000 kr. stilt disponible. Mål med prosjektet: Koordinere og gjennomføre ulike rekrutteringstiltak som til saman skal gi fleire søkarar til grøn naturbruktudanning.	400 000
<b>Sogn og Fjordane Bondelag v/ Anita Sæther</b>	<u>Framtida i landbruket:</u> Starta i 2010, har ein målsetnad om at ungdom skal få kjennskap til og sjå moglegheiter innan landbruksnæringa i fylket, og sikre framtidig kompetanse innan produksjon og foredling av mat. Målgruppa er ungdomsstega i grunnskulen.	150 000
<b>Tretema v/Norodd Baug</b>	<u>Klimakammer – vidareutvikling:</u> Eit forprosjekt i_samarbeid med Bergen Arkitekthøgskule. Formålet er å gje studentane innsyn i prosessane frå skog fram til ferdig produkt og utvikle eit fagmiljø retta mot praktisk høgskuleutdanning der Kvamsøy vert nytta som feltbase for bygging.	30 000
<b>Norsk landbruks-rådgiving Sogn og Fjordane v/ Arve Arstein</b>	<u>Kurs i jordforbetring:</u> forprosjekt som skal setje fokus på kva grovfôr betyr for produksjonsresultat og motivere til å optimalisere grovfôrproduksjon i eit samarbeid med Gulen kommune, NIBIO, bondelaga i Gulen og Høyanger og Produsentlaget i TINE.	60 000

## Landbruksmidlar rekruttering og kompetanseheving 2015 – korte kurs

Søkar	Tiltak	Tildelt
<b>Mo og Øyrane vgs skule v/ Knut Vebjørnsen</b>	<u>1 traktorkurs for kvinner – maks 6 deltakarar</u> Har hatt slike kurs dei tre siste åra, med god deltaking. Deltakaravgift 1 500.-	21 800
	<u>1 grindverkskurs for bønder – 8 deltakarar</u> Viktig med kompetanse på enkle og fleksible bygingskonstruksjonar, drive restaureringsarbeid og bygge naust og uthus. Har alt folk på venteliste før utlysing. Kurset blir utvida frå 4 til 5. Deltakaravgift kr 3 500.-	30 600
	<u>1 autorisasjonskurs i plantevern for unge bønder – 20 deltakarar</u> Deltakaravgift kr 1 600.-	24 500
	<u>1 godkjenningkurs i motorsag – 12 deltakarar i to grupper</u> Tett samarbeid med Aktivt Skogbruk. Deltakaravgift kr 1 500.-	22 200
	<u>1 kurs i kommunikasjon, leing og teamarbeid i samdrift – 12 deltakarar</u> Tema som organisering, avtalar, konfliktløsning og ulike samarbeidsmodellar. I samarbeid med TINE. Deltakaravgift kr 1 500.-	24 000
	<u>Inspirasjonskurs for unge bønder – 12 deltakarar</u> Tre samlingar, med fleksibelt innhald, alt etter interesse hjå dei påmelde. T.d. husdyrstell (storfe, sau eller gris), utmark (hogst, køyring, skogskade, forynging eller viltstell), Inn å tunet (foredling eller småskala matproduksjon), markdag (plantekjenning, spadediagnose, jordkjemi, overvintring, gjødsling og mekanisering). Økonomi vil vere sentralt tema på alle samlingane. TINE, Nortura og Norsk landbruksrådgiving er samarbeidspartar i kurset. Deltakaravgift kr 1 800.-	25 400
	<u>1 kurs i sikring av last (transport av rundballar)</u> Kurs på 1 dag à 8 timar. Avsluttar med evaluering og utdelinga av kursbevis. Lære sikring av rundballar for transport over lengre avstandar. Deltakaravgift kr 800.-	22 800
	<u>1 kurs i masseforflyttingsmaskin (bruk av fôrutlegging i større driftsbygningar).</u> Helgekurs over to helger, avsluttar med evaluering og kursbevis frå Sentralregisteret for sikkerheitsopplæring. Kurset er modul 1.2 Masseforflyttingsmaskin, krev fullført modul 1.1. Arbeidsmiljø, ansvar og konsekvensar for å delta. Følgjer standard opplæringsplan for sertifisert sikkerheitsopplæring. Deltakaravgift kr 3 600.-	27 200

<b>Norsk landbruks- rådgiving Sogn og Fjordane v/ Arve Arstein</b>	<u>Funksjonelle bygg til sau:</u> Dagskurs à 8 timar. Teoretisk og praktisk kurs for bønder som skal starte med sau eller bygge om/modernisere/utvide noverande sauefjøs. Ein del av prosjektet «Sau i pluss». Deltakaravgift kr 400.-	26 700
	<u>Mentor sauebonde 2016:</u> Tilby enkelte nye sauebønder ein dyktig mentor for å få produksjonen raskt opp på ein god og kostnadseffektiv måte. Deltakaravgift kr. 1000.-	154 000
	<u>2 kurs i jordlære i hagebruket – 40 deltakarar</u> Auke kunnskapen om jord, med hovudfokus på jordstruktur, jordtrøttheit (vekstproblem i nyplantingar) og bevegelse av vatn i jord (særleg med tanke på dryppvatning på ulike jordtypar. Deltakaravgift kr. 300.-	35 000
	<u>2 kurs i skurvbekjemping – 30 deltakarar</u> Ved varslingsmodellar kan ein få sprøytt på optimalt tidspunkt og ofte få redusert sprøytemiddelbruken. Ingen deltakaravgift.	21 100
	<u>5 kurs i jord- og plantekulturar – 50 deltakarar</u> Ta enkle spadeprøvar, vurdere jordstruktur, pakke- og køyreskader. Vil kombinere markdagar no i vekstsesongen og teorisamling til hausten. Deltakaravgift kr. 500.-	95 000
<b>AS Tretema v/ Norodd Baug</b>	<u>Prosjekt «Klimakammer på Kvamsøy» – 20 studentar frå Bergen Arkitektskole (BAS)</u> Utvikle studentane si forståing for klima og trene deira evner til å bygge i det vestnorske landskapet. Sentralt tema blir bruk av lokalt trevirke, både som ytterhud, konstruksjon, isolasjon og innerkledning. Skal prosjektere og bygge ein overnattingstad på Kvamsøy. Ingen deltakaravgift.	30 000